

Sluttrapport prosjekt Shared reading for ungdom (ref: 2021/545-4)

Vi ønska å bruke desse midlane for å tilby shared reading til ungdom utanfor biblioteket, som eit tiltak for å skape leselyst og å betre psykisk helse. Som eit resultat har underteikna fått reist til to ungdomsskular og eitt etter skulen-tilbod på vidaregåande og heldt fleire økter. Økter på to av byens ungdomsklubbar er også under planlegging.

Heile 9. trinn på ein av byens ungdomsskular fekk delta i slike lesegrupper fordelt på ulike datoar vinteren og våren 2023 (totalt 86 elevar). På ein annan ungdomsskule oppretta vi i samarbeid med lærar ei fast gruppe på fem elevar frå 8.-10. trinn som vi kalla Leserådet. Desse fekk delta i shared reading-økter (kombinert med bokprat) med formål om å auke litteraturkunnskapen og inspirere medelevar vidare. Leserådet og eg hadde tre slike møter våren 2023, før det tok slutt då lærarar ikkje lenger hadde kapasitet til å følge opp kontakten som bindeledd mellom skulen og biblioteket.

Hausten 2023 blei brukt til å lese, lage nye opplegg og kontakte fleire for å prøve ut tilbodet andre stadar. Fekk napp på eit etter skulen-tilbod på Sandefjord vidaregåande skule som heiter Greia etter skolen. Der har eg gjennomført éi økt med shared reading så langt, men skal halde to-tre til utover våren.

Samstundes fekk eg ein invitasjon frå Troms- og Finnmark fylkesbibliotek og Fylkesbiblioteket i Møre og Romsdal til å sitje i redaksjonen for arbeidet med å lage eigen Startpakke for ungdom. I samband med denne jobben har eg fått lese mykje, og kunne sikre gode og varierte tekstar til shared reading-øktene.

Midlane har sørga for at mange ungdommar har fått oppleve leseøkter etter shared reading-metoden, og erfaringane er gode! Fleire deltek i samtalen når dei skjønar at dei ikkje treng å prestere noko, og det har vore veldig fint å få oppleve så fine samtalar rundt litteratur. Vidare har tiltaket ført til god kontakt spesielt med ungdomsskulane, og planar om vidare samarbeid.

Litteraturen som har blitt brukt har stort sett vore ny skjønnlitteratur for ungdom (mest romanutdrag, men også dikt) i ungdomsskulen, med fokus på at det skulle vere tilgjengeleg for ulike nivå. For elevane på vidaregåande skule-nivå har eg brukt tekstar med litt høgare vanskegrad, ettersom det har passa til gruppa.

I søknadsteksten skreiv vi at vi ønska å kunne tilby økter ute, gjerne i samarbeid med DNT Ung. Dette falt vekk, då det per no ikkje er eit aktivt ungdomslag i DNT i Sandefjord.

Vi ved Sandefjordbibliotekene kjem til å halde fram med å tilby shared reading til ungdom, både på og utanfor egne bibliotek, til skular og ved fritidstilbod, og takkar for mulegheita gjennom dette prosjektet!

Kommentarar til rekneskapen:

Heile tildelingsbeløpet har gått til vikarmidlar for underteikna. Summen som overskrid tildelingsbeløpet er dekket av egne midlar.

June Røys Hauge

Ungdomskoordinator, Sandefjordbibliotekene